


		Endeleg
 Fylkesmannen i Oppland	<b>SYSTEMREVISJON</b>  hjá  <b>Sør-Fron kommune</b>	<b>RAPPORT NR.  1/2005</b>

<b>Tidspunkt for revisjonen:</b>	<b>13.04. og 14.04.2005</b>
<b>Kontaktpersonar i kommunen:</b>	<b>Sissel Hegde, Konrad Trettengen</b>
<b>Revisjonsgruppe Fylkesmannen:</b>	<b>Olav Steine Elin Hilde</b>
<b>Revisjonsgruppe Arbeidstilsynet:</b>	<b>Stein Indsetviken Else Tangen</b>
<b>Tema:</b>	<b>Internkontrollen i kommunen, oppfølging av krav på avløpssektoren</b>

### **Innhald i rapporten:**

Denne rapporten omtalar avvik og merknader som vart avdekte innan følgjande kontrollerte område:

- Internkontroll i kommunen, med fokus på avløpssektoren. Jf *Forskrift om systematisk helse, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (HMS-forskrifta).
- Oppfølging av krav i forureiningslova med forskrifter, inkl. vilkår i utsleppsløyve frå fylkesmannen, Frya avløpsreinseanlegg.

Tilsynet er gjennomført på 2 dagar, og omfattar samtalar med tilsette i kommunen og gransking av dokument. I tillegg har fylkesmannen besøkt Frya reinseanlegg, og også sett på utandørs slamlagring der.

### **Hovudkonklusjonar:**

Fylkesmannen og arbeidstilsynet har gjeve eit felles avvik som gå ut på at det manglar internt tilsyn i samsvar med HMS-forskrifta § 5 andre leden nr 8; systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen.

Fylkesmannen har gjeve eit avvik ang. driftsovervaking av avløpspumpeastasjonane. Eit krav i utsleppsløyvet er ikkje følgt opp fullt ut.

Elles er drifta og oppfølginga på avløpssektoren god. Gledeleg at ein har god tilrettelegging og får avsetnad på slammet til bruk i jordbruket.

Fylkesmannen har også ein merknad ang. kartlegging av problem og farar, eks vernerundar / internkontrollrundar. Jf HMS-forskrifta § 5 nr 6 og 7.

---

Utarbeidd dato: 10.05.05

Sign.:

Revisjonsansvarleg fmva Elin Hilde

Sign.:

Fung. avd.dir. miljøvernadv. Steinar Fossum

---

## **Innhald**

- 1. Innleiing**
- 2. Dokumentunderlag**
- 3. Omfang**
- 4. Avvik**
- 5. Merknader**
- 6. Andre forhold**
- 7. Gjennomføring**
- 8. Deltakarar**

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein systemrevisjon i Sør-Fron kommune 13. og 14.04.05. Tilsynet vart gjennomført samtidig, av arbeidstilsynet og fylkesmannen. Kontrollen er ein del av vårt arbeid med å handheve gjeldande krav med omsyn til vern av ytre miljø. Kontrollen fokuserer på overhalding av krav, og rapporten omtalar avvik og merknader som vart avdekte under kontrollen. Rapporten gjev såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet i kommunen.

Føremålet med kontrollen er å vurdere om kommunen har tilfredsstillande styring med aktivitetar og utstyr som har betydning for det ytre miljø. Revisjonen omfattar mellom anna gransking av om:

- internkontrollen er føremålstenleg og dekkjande
- aktivitetar blir utført slik som beskrive og omtalt
- kommunen når sine mål og driv si verksemd innanfor rammer som kommunen sjølv har sett, og som myndighetene har sett.

Kontrollen er gjennomført ved gransking av dokument, ved samtalar med relevante personar i kommunen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar, instruksar og krav blir følgde opp i praksis.

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart avdekte under kontrollen.

Definisjonar:

- **AVVIK** er mangel på oppfyljing av krav, det kan vere krav i lover og forskrifter, eller vilkår fastsett med heimel i gjeldande lover, f. eks. i utsleppsløyve og andre krav frå fylkesmannen
- **MERKNAD** er forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som likevel bør betrast av omsyn til ytre miljø

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen er :

- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i virksomheter* av 6.12.1996
- *Lov om forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981, med tilhøyrande forskrifter
- Utsleppsløyve for Frya avløpsreinseanlegg av
- Brev frå fylkesmannen av 02.12.03 og 06.12.04, om utsleppskontroll ved avløpsreinseanlegga i Oppland

## 3. Omfang

Systemrevisjonen omfattar følgjande område:

Internkontrollsystemet i kommunen, og korleis dette blir etterlevd:

- Målsetjingar
- Organisasjon og ansvar
- Kartlegging av fare, vurdering av risiko, utarbeiding av handlingsplanar

- Avviksbehandling
- Overvaking og gjennomgang av internkontrollen (internt tilsyn)
- Opplæring og tilgang til lover og forskrifter

Fylkesmannen har spesielt vurdert rutinar for å unngå forureining frå kommunalt avløpsvatn, med verifikasjon ved Frya reinseanlegg. I tillegg er det sett på lagring av avløpsslam. Reinseanlegget ligg i Ringebu kommune, men Sør-Fron har driftsansvaret.

Arbeidstilsynet har sett nærare på forholda for reinhaldarane i kommunen, og internkontrollen på dette området.

Andre område i kommunen har vi ikkje sett på. Våre funn er difor baserte på det vi har undersøkt, og den overordna internkontrolldokumentasjonen.

## 4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekt under revisjonen:

**Avvik 1 (felles med arbeidstilsynet) :**  
**Verksemda gjennomfører ikkje systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen, for å sikre at han fungerer som føreset.**

### Avvik fra:

Forskrift om systematisk HMS-arbeid i virksomheter, § 5 andre ledd nr. 8:

”Virksomheten skal

- foreta systematisk overvåking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt.”

### Kommentarar:

Dette skal dokumenterast skriftleg.

Ved tilsynet låg det ikkje før rapportar frå slike interne tilsyn. Det kom heller ikkje fram at dette var gjennomført. Det som er gjort er at dokumentasjon; rutinar og liknande er oppdatert.

Det er ikkje sett nærare krav i forskrifta til korleis og kor ofte slik gjennomgang skal gjerast. Men ei tilråding kan vere at ein har internt tilsyn 1 gong pr år, og systemrevisjon er aktuell metode.

Kommunen har ein skriftlig rutine for systemrevisjon i HMS-handboka kap 9.01, og det går fram at kommunen kan bruke denne. Kor ofte eller når revisjon skal gjerast, står ikkje.

**Avvik 2 (Fylkesmannen) :**

**Det er ikkje god nok sikring mot overløp/utslepp av ureinsa avløpsvatn frå pumpestasjonar i kommunen.**

**Avvik frå:**

Utsleppsløyve for avløpsvatn av 03.12.98, vedlegg 2 pkt 1.8.

**Kommentarar:**

I utsleppsløyvet frå fylkesmannen er det sett krav til fjernovervaking av reinseanlegg og pumpestasjonar, med alarmoverføring til vaktentral (heimevakt). Kravet er oppfylt med eitt unntak: På vekedagane etter normal arbeidstid vil ingen få varsel om overløp som kan skje ved pumpestasjonane.

Slik overvaking skulle ha vore på plass innan 01.01.2000, ifølgje utsleppsløyvet. Retting av dette er viktig for å unngå utslepp av forureina avløpsvatn.

## **5. Merknader**

**Merknad 1 (Fylkesmannen):**

**Vernerundar eller internkontrollrundar blir ikkje gjennomført særleg ofte i kommunen.**

**Kommentarar:**

Kommunen har vedteke at vernerundar skal gjerast kvart 4. år.

Oftare kartlegging kan vere bra for å få fram og kartleggje problemområde, og få gjort tiltak tidleg. Det kan vere ulikt i kva grad dei tilsette tek opp ting utanom vernerundane. Det synest heller ikkje å vere systematisk gjennomføring av medarbeidarsamtalar i kommunen.

Det er skriftlig rutine for vernerunde i HMS-handboka kap. 5.05.

I og med at det har blitt sjeldnare vernerundar, så samsvarte ikkje rutinen for handlingsplan (kap. 7.01) med rutinen for vernerundar, i den permen vi såg på.

Det er viktig at alle områda i HMS-forskrifta blir dekte av slik systematisk gjennomgang; også ytre miljø, der det er aktuelt i kommunen.

Vi viser til HMS-forskrifta § 5 andre ledd nr 6 og 7.

**Merknad 2 (fylkesmannen):**

**Det er ikkje god nok oppfølging av målsetjinga i hovudplan avløp om vasskvalitet i lokale vassførekomstar.**

**Kommentarar:**

I hovudplan avløp frå 2000 er det sett 4 hovudmål. Det eine er:

*”For lokale vannførekomster som viser seg å være forurenset, skal vannkvaliteten forbedres. Det må foretas prøvetaking for å kartlegge vannkvaliteten i vassdragene angitt i tabell 5.1.2.”*

Det er flott at kommunen har sett mål for vasskvalitet i vassdraga. Det gjeld her 6 lokalitetar. Men det er viktig at målsetjingane blir følgde opp. Under tilsynet kom det fram at måling av vasskvaliteten ikkje var gjort.

Målsetjinga bør også konkretiserast betre, slik at ein lettare kan sjå om målet er nådd.

Jf rettleiingar frå SFT:

- Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvatn (97:04)
- Miljømål for vassførekomstane (97:02)

## **6. Andre forhold**

Generelt synest drifta og internkontrollen på avløpssektoren å vere god. Det er utarbeidd målsetjingar og tiltaksplanar for ytre miljø i hovudplanen for avløp, og beredskapsplan og slamplan er også på plass. Svært positivt med god tilrettelegging for bruk av avløpsslammet i jordbruket.

## **7. Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

### **Formøte 5. april 2005**

Førebuing av det felles tilsynet vart gjort ved kontakt mellom arbeidstilsynet og fylkesmannen. Det vart halde eige formøte med kommunen 5. april for å orientere om og planleggje revisjonen.

### **Samtalar 13. april 2005**

Fylkesmannen og Arbeidstilsynet hadde saman samtalar med rådmann Rasmussen og med hovudverneombod Kjørstad. Fylkesmannen hadde så ein samtale med plan- og utviklingsjef Rønn og IK-ansvarleg Trettengen.

### **Samtalar og verifikasjonar 14. april 2005**

Neste dag møtte fylkesmannen på Frya reinseanlegg og såg på anlegget og slamlagringa. Samtale med driftsleiar Wadahl og driftsoperatørane Kvikstadhagen og Øverjordet. Deretter hadde den felles tilsynsgruppa samordning og såg på aktuelle dokument i kommunen.

## Avsluttande møte 26. april 2005

Presentasjon av funn som vart gjort; avvik og merknader. Tilbakemeldingar frå kommunen på funna.

## 8. Deltakarar ved revisjonen

Desse har delteke i møta under den samordna revisjonen. Det er sett kryss ved dei i kommunen som fylkesmannen har hatt samtale med. Arbeidstilsynet har også intervjuet reinhaldarar.

Namn	Funksjon	Formøte	Samtale FM	Sluttmøte
------	----------	---------	------------	-----------

### *Frå kommunen:*

Jan Reinert Rasmussen	Rådmann	X	X	X
Sissel Hegde	Personalsekretær	X		X
Jo Kjørstad	Hovudverneombod	X	X	X
Kjell Rønn	Leiar plan- og utviklingsetat	X	X	X
Jan Stensrud	Leiar bygg- og eigedomsavdeling	X		X
Konrad Trettengen	Internkontrollansvarleg plan- og utvikling	X	X	X
Leif Wadahl	Leiar kommunalteknisk avdeling	X	X	X
Knut Kvikstadhagen	Driftsoperatørleiar		X	
Åge Øverjordet	Driftsoperatør		X	

### *Frå arbeidstilsynet:*

Else Tangen	Revisor	X		X
Stein Indsetviken	Revisjonsleiar	X		X

### *Frå fylkesmannen:*

Elin Hilde	Revisjonsansvarleg FM	X		X
Olav Steine	Revisor	X		X